

Gardsbesøk DyrkSmart

Resultat av gjennomførte gardsbesøk

For fruktlagera

Hardanger Fjordfrukt

Ullensvang Fruktlager

Nå Fruktlager



| | |
|----------------------------------|-------------------------------------|
| Oppdragsgiver | DyrkSmart |
| Premisser og konklusjoner | Styringsgruppa DyrkSmart |
| Forfatter | Sjur Ove Svartveit |
| Tittel | Gardsbesøk DyrkSmart |
| Rapportnummer | |
| Antall sider | |
| Sted | Utne |
| Dato | 30. november 2015 |

Innhold:

| | |
|---|----------|
| 1. DOKUMENTETS HENSIKT..... | 3 |
| 1.1. GENERELT..... | 3 |
| 2. OPPSUMMERING (MANGEMENT SUMMARY)..... | 4 |
| 2.1. GENERELT..... | 4 |
| 3. KVIFOR GARDSBESØK..... | 5 |
| 3.1. GENERELT..... | 5 |
| 3.2. FØRESETNADER..... | 5 |
| 4. GJENNOMFØRING..... | 6 |
| 4.1. GENERELT..... | 6 |
| 4.2. FØREARBEID..... | 6 |
| 4.2.1 Informasjon i førekant..... | 6 |
| 4.2.2 Software..... | 6 |
| 4.2.3 Spørjeskjema frå NILF (Norsk Institutt for LandbruksForskning)..... | 6 |
| 4.3. SPØRRESKJEMA PÅ WEB..... | 7 |
| 4.4. PERSONALRESSURSAR..... | 7 |
| 5. OMFANG OG RESULTAT..... | 8 |
| 5.1. GENERELT..... | 8 |
| 5.2. METODE..... | 8 |
| 5.3. TIDSROM FOR GJENNOMFØRING..... | 8 |
| 5.4. RESULTAT..... | 8 |
| 5.4.1 Oppdatert informasjon i fruktklienten..... | 8 |
| 5.4.2 Oversyn planar..... | 9 |
| 5.4.3 Fleire kvinnlege dyrkarar..... | 9 |
| 5.4.4 Generasjonsskifte som sikrar framtidig drift..... | 9 |
| 5.4.5 Rydde- og planteplanar..... | 10 |
| 5.5. TIDSFORBRUK..... | 11 |



1. Dokumentets hensikt.

1.1. Generelt

Dokumentet er etablert for å visa gjennomføring og resultat av gardbesøk gjennomført hos produsentar i Fruktlagera Hardanger Fjordfrukt, Ullensvang Fruktlager og Nå fruktlager.

2. Oppsummering (Management Summary)

2.1. Generelt.

I samband med rullering av strategiske næringsplanen i Hordaland i 2011 vart det utarbeida ein strategi for fruktnæringa i fylket. Hovudmålet var å auka produksjonen av kvalitetsfrukt i Hordaland med god lønsemd.

Prosjektet DyrkSmart vart etablert for å sikra framtida til fruktnæringa i Hardanger gjennom aktivitetar som skal auka produksjonen av kvalitetsfrukt, hindra at gode fruktareal vert teke ut or produksjon og at ungdomen vert inspirerte til å gå inn i næringa. Ein viktig aktivitet var å gjennomføra gardsbesøk, motivasjons – og produksjonssamtalar, med alle produsentane tilhøyrande Hardanger Fjordfrukt, Ullensvang Fruktlager og Nå fruktlager.

Aktiviteten gardsbesøk er den største og mest omfattande i DyrkSmart og utgjær ressursmessing nær 30 % av prosjektet.

Fysiske gardsbesøk vart gjennomført med ein eller to personar (rådgiving åleine eller rådgiving + lagerstyrar). Gardbesøket var lagt opp i fire bolkar

1. Førebuing. Før besøket gjekk Rådgivinga/Lager gjennom informasjon i fruktklienten på aktuell gard.
2. Synfaring. Alle besøk starta med eit kort synfaring på garden.
3. Samtale. Ein samtale basert på dagens drift og vegen vidare.
4. Oppsummering. Resultat av synfaring og samtale vart lagt inn i fruktklienten. Grunnlag for søknad Plante-og ryddetilskot.

For ein del gardar (sjå punkt 4.2) vart det gjennomført eit forenkla opplegg ved at lagerstyrar tok kontakt på telefon og innhenta nødvendig informasjon.

Gardsbesøka har vorte gjennomført i tida januar 2013-november 2015 og telefonsamtalane har vore gjennomført i tida mars 2015 – september 2015.

Gjennomførte gardsbesøk

| Lager | Gjennomført |
|------------|-------------|
| Nå | 16 |
| Ullensvang | 59 |
| Fjordfrukt | 99 |

Gjennomførte samtalar

| Lager | Gjennomført |
|------------|-------------|
| Nå | 14 |
| Ullensvang | 31 |
| Fjordfrukt | 62 |

3. Kvifor gardsbesøk.

3.1. Generelt.

Dette kapittelet syner kva føresetnader og vedtak som ligg til grunn for gardsbesøka.

3.2. Føresetnader.

I samband med rullering av strategiske næringsplanen i Hordaland i 2011 vart det utarbeida ein strategi for fruktnæringa i fylket. Hovudmålet var å auka produksjonen av kvalitetsfrukt i Hordaland med god lønsemd. Og det vart sett opp 3 delmål

- Auka produksjon av kvalitetsfrukt (herunder m.a. auka fornyingstakt, rekruttering, ta i bruk nye dyrkingsteknikkar, sikra areal og betra tilgang på tre)
- Produsera kvalitetsfrukt (herunder m.a. avløyssarordning, betra tilskotsordningar, kvalitetssikring samt sikra stabil finansiering av forskning og rådgjeving)
- God lønsemd i næringa (herunder m.a. betra råmevilkår for næringa, økonomisk rådgjeving, effektivisering av fruktlagerdrifta og langsiktige planar).

Fruktlagera på si side hadde tradisjonelt ingen meining og heller ingen påverknad på produsentens sine val av produkt og ein såg eit klart behov for betre styring med kva som vart produsert både av volum og sortar. Konkret måtte fruktlagera ha innverknad på uskiftingar av felt og nyplantingar for å sikra tilstrekkeleg volum av aktuelle sortar. Og for å ta del i denne prosessen vart det viktig å skaffa seg oversyn over både noverande plantingar og produsenten sine framtidsplanar.

Prosjektet DyrkSmart med hovudmål å sikra framtida til fruktnæringa i Hardanger hadde som ein viktig aktivitet å gjennomføra motivasjons – og produksjonssamtalar med alle produsentane tilhøyrande Hardanger Fjordfrukt, Ullensvang Fruktlager og Nå fruktlager.

Aktiviteten gardsbesøk er den største og mest omfattande i prosjektet og utgjer ressursmessing nær 30 % av prosjektet.

4. Gjennomføring.

4.1. Generelt.

Dette kapittelet omhandler metode- og ressursbruk.

4.2. Førearbeid.

For å effektivisera og standardisera vart det utarbeidd ein del hjelpemiddel.

4.2.1 Informasjon i førekant.


På aktuelle samlinga vart produsentane orientert om korleis eit gardsbesøk vart lagt opp sjå: <http://dyrksmart.no/assets/filer/DyrkSmart-Gardsbesok-2.pdf>

For at produsentane skulle få høve til å melde si interesse vart det laga påmelding på web Sjå: <http://dyrksmart.no/nyhende-for-fruktnerdar/gardsbesok/>
Med melding om at dei som melde seg først fekk først besøk.

Og når avtale om gardsbesøk vart på plass fekk produsenten tilsendt tilsendt eit informasjonsskriv (i lag med registrert informasjon om garden) sjå: <http://dyrksmart.no/assets/filer/Gardsbesok-v01.pdf>

4.2.2 Software.

I fruktklienten vart det utarbeidd eit registreringsskjema som skulle nyttast under kvart besøk.



På denne måten fekk ein også oppdatert all nødvendig informasjon i Fruktklienten og leggja grunnlaget for at produsenten framover kunne halda dette oppdatert.

4.2.3 Spørjeskjema frå NILF (Norsk Institutt for LandbruksForskning).

Under intervjuja vart det også nytta eit spørreskjema frå NILF Sjå: <http://dyrksmart.no/assets/filer/NILF-Intervju-fruktdyrkere-Hardanger-v03.pdf>

Dette skjemaet fekk mindre redaksjonelle justeringar og det som ligg her er siste versjon. Intervjuet vart tatt opp på band og send løpande til NILF for registrering. Sluttrapport frå NILF er diverre ikkje klar.

4.3. Spørreskjema på WEB.

For ein del av produsentane (pensjonistar, lite areal, ikkje levering siste år etc.) vart det avgjort at ein kunna føreta eit forenkla gardsbesøk. Dette vart gjort på den måten av disse vart oppmoda om å registrera ein del informasjon på eit webbasert spørreskjema og dei som ikkje gjorde dette vart oppringt av lageret og informasjon registrert i samtalen.

Nytta skjema finn ein her: <http://dyrksmart.no/nyhende-for-fruktnerdar/kartlegging-pa-nett/>

4.4. Personalressursar.

Gjennomføring av gardsbesøka er gjennomført av fylgjande:

| Namn | Organisasjon | Førebuing (ta kontakt senda ut informasjon etc.) | Gardsbesøk | Intervju på telefon | Kommentar |
|--------------------|--------------------------------|--|------------|---------------------|--|
| Leif Øie | Hardanger Fjordfrukt | x | x | x | For produsentar tilknyta eige lager |
| Sigbjørn Brusletto | Ullensvang Fruktlager | x | x | x | For produsentar tilknyta eige lager |
| Torleiv Helle | Nå Fruktlager | x | x | x | For produsentar tilknyta eige lager |
| Jan Ove Nes | Norsk Fruktrådgiving Hardanger | x | x | | I hovudsak Vestssida av Ullensvang + Kvam, Jondal , Odda og Ulvik. |
| Endre Bjotveit | Norsk Fruktrådgiving Hardanger | x | x | | I hovudsak Austsida av Ullensvang. |

5. Omfang og resultat.

5.1. Generelt.

Dette kapitelet handlar om framgangsmåte, tidsrom for gjennomføring, tidsbruk og synlege resultat.

5.2. Metode.

Fysiske gardsbesøk vart gjennomført med ein eller to personar (rådgiving åleine eller rådgiving + lagerstyrar). Gardbesøket var lagt opp i fire bolkar

5. Førebuing. Før besøket gjekk Rådgivinga/Lager gjennom informasjon i fruktklienten på aktuell gard.
6. Synfaring. Alle besøk starta med eit kort synfaring på garden.
7. Samtale. Ein samtale basert på dagens drift og vegen vidare.
8. Oppsummering. Resultat av synfaring og samtale vart lagt inn i fruktklienten. Grunnlag for søknad Plante-og ryddetilskot.

Tidsbruk pr. gard synte seg å vera om lag 6 timar for kvar deltakar frå rådgiving / Lager og medgått tid for gardbrukar om lag 3 timar.

For ein del gardar (sjå punkt 4.2) vart det gjennomført eit forenkla opplegg ved at lagerstyrar tok kontakt på telefon og innhenta nødvendig informasjon.

Tidsforbruk pr. gard synte seg å vera ca. 2,0 time for lagerstyrar og ca. 0,5 time for gardeigar.

5.3. Tidsrom for gjennomføring.

Gardsbesøka har vorte gjennomført i tida januar 2013-november 2015

Telefonsamtalane har vore gjennomført i tida mars 2015 – september 2015

Gjennomførte gardsbesøk

| Lager | Gjennomført |
|------------|-------------|
| Nå | 16 |
| Ullensvang | 59 |
| Fjordfrukt | 99 |

Gjennomførte samtalar

| Lager | Gjennomført |
|------------|-------------|
| Nå | 14 |
| Ullensvang | 31 |
| Fjordfrukt | 62 |

5.4. Resultat.

5.4.1 Oppdatert informasjon i fruktklienten

Gjennom gardsbesøka har fruktlagera, i samarbeid med produsent, fått oppdatert og kvalitetssikra informasjonen i Fruktklienten. Dette gjer det lettare for produsenten å oppdatere

sin informasjon samstundes som det også har hjelpt mange produsentar med det første steget til å nytta fruktklienten. Og ikkje minst har fruktlagera ein informasjonsbase dei kan lita på.

5.4.2 Oversyn planar.


Gardsbesøka og telefonane gjer at fruktlageret sit att med mykje betre oversyn om kva som skjer med deler av produksjonsareala. Kven ynskjer å satsa og kven som eventuelt ynskjer å leiga bort jorda si.

5.4.3 Fleire kvinnlege dyrkarar.

Sjå kapittel under. Kvinner overtek i større grad.

5.4.4 Generasjonsskifte som sikrar framtidig drift.

I 2009 hadde vi fylgjande fordeling for Fjordfrukt.



(rund formulering om at dette

I løpet av 5 år har fylgjande skjedd

- Alle er vortne 5 år eldre
- Antall produsentar er redusert med 20 (24 utmeldingar og 4 nyinnmeldingar)
- Det er gjennomført 21 eigarskifte (4 yngre enn 35 år, to eldre enn 50, resten mellom 35-50)

I sum gjev dette oss at aldersfordelinga er om lag uendra og har vi framover 4-6 eigarskifte (neste generasjon tek over) i året vil dette vera tilstrekkeleg for å sikra framtidig fruktdyrking.

Av nye eigar er 9 kvinner og 12 menn.

Denne undersøkinga er gjennomført før Fjordfrukt, men det er god grunn til meina at tendensen er den same for Ullensvang og Nå.

5.4.5 Rydde- og planteplanar.

Som helt konkrete resultat kan vi nytta innvilga rydde- og plantetilskot hos Innovasjon Norge. Dei syner at både antall dekar og ikkje minst stønad pr. dekar har auka monaleg i 2013 og 2014. Det første som eit direkte resultat av gardsbesøka og det siste som eit resultat av påverknad frå DyrkSmart gjennom møte med både Innovasjon Norge og Fylkesmannen. Grunnen til at beløpet er redusert i 2015 er manglande midlar. Det vart stopp i løyvingar alt i første halvår, slik at mange søknader står på vent til 2016.



Investeringar i fruktplanting i Hordaland

| | Antall saker | Antall da tilplantet | Snitt da. pr plan | Epler da. | Pærer da. | Plommer da. | Moreller da. | Sum tilskudd |
|------|--------------|----------------------|-------------------|-----------|-----------|-------------|--------------|--------------|
| 2015 | 43 | 406 | 9,4 | 282 | 17 | 101 | 6 | 5 730 000 |
| 2014 | 65 | 543 | 8,4 | 334 | 9 | 174 | 27 | 9 550 200 |
| 2013 | 32 | 265 | 8,3 | 173 | 12 | 68 | 12 | 4 364 000 |
| 2012 | 38 | 247 | 6,9 | 150 | 3 | 78 | 16 | 2 821 000 |
| 2011 | 47 | 262 | 5,6 | 151 | 3 | 91 | 17 | 3 060 000 |

www.innovasjon norge.no

5.5. Tidsforbruk.

Tidsforbruk på aktiviteten går fram av fylgjande tabell:

| Timeoversyn forbruk timar fruktager/produzent | | | | | | | | | | |
|--|----------------------|----------------------------------|--------------------------|--------------------------|------------------|-------------------------|---------------------|--|--------------|-------------|
| Gjennomsnitt forbruk inkl. reisetid | | | | | | | | | | |
| Gardsbesøk - lager | 6 | | | Timepris | | | 300 | | | |
| Gardsbesøk forenkla lager | 2 | | | | | | | | | |
| Gardsbesøk - produsent | 3 | | | | | | | | | |
| Gardsbesøk forenkla produsent | 0,5 | | | | | | | | | |
| Styringsgruppe | 7 | | | | | | | | | |
| Prosjektgruppe | 7 | | | | | | | | | |
| Kickoff-møte | 6 | | | | | | | | | |
| Avklaringsmøte | 9 | | | | | | | | | |
| Tidars oversyn | | | | | | | | | | |
| | Antall gardsbesøk | Antall gardsbesøk forenkla | Styrings- gruppe (15) | Prosjekt- gruppe (14) | Kickoff- møte | Avklarings møte (15) | Timar gardsbesøk | Timar prosjekt- administra tivt | Timar totalt | |
| Leif | 99 | 62 | 10 | 12 | | | 5 | 718 | 199 | 917 |
| Sigbjørn | 59 | 31 | 9 | 11 | | | 3 | 416 | 167 | 583 |
| Torleiv | 16 | 14 | 7 | 9 | | | 2 | 124 | 130 | 254 |
| Tomas | | | 11 | | | | 2 | 0 | 95 | 95 |
| Magnus *) | | | 12 | | | | 3 | 0 | 161 | 161 |
| Eva | | | 9 | | | | 2 | 0 | 81 | 50 |
| Jørund | | | 12 | | | | 3 | 0 | 111 | 111 |
| Produsentar | 174 | 107 | | | 110 | | | 575,5 | 660 | 1258 |
| TOTALT antal timar | | | | | | | | 1833,5 | 1604 | 3429 |
| Samla kostnad | | | | | | | | 550 050 | 481 200 | 1 028 700 |
| Har som leiar i styringsgruppa hatt nokre fleire oppfølgingsoppgåver - berekna til totalt 50 timar | | | | | | | | | | |